

Protokoll frå felles møte Kyrkjebø og Høyanger sokneråd

Stad: Høyanger kyrkjekontor
Tid: 23.10.24, kl. 18:30 – 21:10

Til stades:

Frå Kyrkjebø: Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Irene Aase Aarseth, Jofrid Nordstrand Forthun.
Meldt forfall: Sjur Håvard Øygard og Jens Ole Årdal.

Varamedlemene Ole Ivar Luggenes og Arvid Solaas var inkalla, men meldte forfall.

Frå Høyanger: Torsten Müller, Vidar Myren, Elisabeth Johansen, Edel Johansen, Aud Saxrud.
Prest: Andreas Ester.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sturla vart vald som møteleiar, og Vidar vart vald som skrivar.

Soknepresten har ordet. Andreas snakka rund preiketeksten for kommande søndag Lukas 18,9-14.
Dette er likninga om tollaren og farisearen.

Vedtaksaker:

F-01/24: Gudstenesteplan for 1. halvår 2025.

Det kom ein del innspel. Det vert felles tårnagent gudsteneste. Anten 02.02. i Høyanger eller 09.02. på Kyrkjebø. Vi vel den søndagen som ikkje kolliderer med handball turneringar. Det har det gjort tidlegare, og då er det færre som deltek. Minikonfirmant samlingane vert delt. Vi vil forsøke å få til eim salmepub på Kyrkjebø, i lokala til Sanitetsforeningen. Vi vil forsøke å få til ei jazzmesse i Høyanger. Dette vert litt etter same lesten som folkemusikk messa på Kyrkjebø. Dette vert enten 16. eller 23. mars. Vi drøfta gudsteneste på 1. og 17. mai. Det kom fram tankar om at i Høyanger kunne ein ha gudsteneste ved minnestøtta, i samband med kransenedlegginga. Både når det gjeld 1. og 17. mai er det viktig å tidleg opprette kontakt med arrangør-nemda.

Med desse merknadane vart gudsteneste planen godkjent.

F-02/24: Minnegudsteneste i haust, blomeutdeling føreut.

Vi gjekk gjennom lista over avlidne sidan forrige haust. Vi fordelte kven av dei pårørande som høyrer til Høyanger og Kyrkjebø. Og for kven det ikkje er nære pårørande innanbygds.

F-03/24: Samling for frivilege medarbeidarar.

Vedtak: Samlinga vert i lokala til Sanitetsforeningen på Kyrkjebø, i veke 9.

Til arangørnemnd vart vald: Aud Saxrud, Kari Henny Dale, Jofrid Nordstrand Forthun og Elisabeth Johansen. Kari kallar inn til første møte i nemda.

F-04/24: Felles misjonsprosjekt i Estland. Saka vart utsett grunna tidsnaud.

Meldingssaker:

F-m01/24: Kyrkjeleg aktivitet framover.

Det kom fram fleire tankar. Nokre nye tankar har komme inn i gudstenesteplanen. Vi må få ei breiare marknadsføring av aktivitetane. Vi må ta i bruk Friskus. Høyanger har brukt dette litt tidlegare, då tidlegare administrasjons sekretær var tilsett. Vi diskuterte kyrkjjeskyss. Høyanger har hatt dette, men det har ikkje vore nokon etterspurnad etter dette. Kanskje nokon av bebuarane på sjukeheimen, og omsorgsbustadane ynskjer å delta på gudsteneste. Gudsteneste i kyrkja gjev noko meir enn andaktane som vert arrangert på sjukeheimen. Korleis kan dette gjerast. Det vart understreka att nattkafeen som Høyanger arrangerar, også er open for ungdom på Kyrkjebø. Å få deltaking frå skulekorpsa på gudstenestene vil trekke foreldre og besteforeldre. Vi må ha noko som fengjer dei små. Dei har ikkje tolmod til å sitje lenge i ro. Vi må nå dei unge, men er ikkje heilt sikker på korleis. Nokon meinte at språket som vert nytta under gudstenesta av og til kan være vanskeleg å forstå.

Deltakarane meinte at møtet hadde vore nyttig. Og vi vart einige om å arangere eit nytt, ved eit seinare høve.